



CD

Fred Jonny Berg

«Flute Mystery»

Med Philharmonia Orchestra,

Vladimir Ashkenazy (dirigent)

2L

Klisjé og stemningar

Fred Jonny Berg (f. 1973) er oppteken av «spenningsfeltene mellom melos og form, mellom lys og mørke, burlesk humor og dyp melankoli» skriv Wolfgang Plagge i coveret til den nye plata. I første omgang eit underleg utsegn, sidan spaningsfelt nok er det siste eg tenkjer på i møtet med Bergs musikk.

Snarare opplever eg musikken innan ei impresjonistisk ramme; med eit mystisk og flytande uttrykk. Musikk som kan teiknar stemningar, av landskap og lys – og dette stemningsretta inntrykket finn stønad i teksten, der det å vera eitt truverdig augevitne er framheva som karakteriserande for komponisten.

Spaningsfelta det er snakk om, er altså andre enn dei som uroar og skapar motstand. Snarare lyttar me til forsiktige kontrastar, vare utleggjingar, og ikkje minst det drøymande «franske» i verka for fløyte. Dei siste sender tanken min til fløytisten James Galway: Det irske ikonet som både er ynda og mislikt for sine svulstige utgjevingar, og for gullfløyta med fyldig tone. Faktisk er det som deler av Berg sin musikk – dømevis i fløytekonserterens andre sats – er henta rett ut av eit slikt univers: Den let som Debussy sitt «Clair de lune» arrangert for fløyte, lyse strykarar og harpe.

Kombinasjonar som denne er og blir ein klisjé, og på plata får me nettopp stadfesta det faktum at klisjeen ofte er vakker. Og at det hender ein veks i frå den. I alle fall er det ikkje til å komma vekk frå at det evige badet i smektande klang for meg i lengda vert lite tilfredsstillande.

Likevel: Samanlikninga er ikkje negativt tenkt. Den berettar om ein personlegdom som mange misunnar; som har evna til å nå gjennom – til mange – og som kan få med seg dei framste artistar på lag. Berre det imponerer – og gjev grunn til å via den her til lands ukjende tonesetjaren merksemd.

nyeintrykk@dagsavisen.no

IDA
HABBESTAD

